



Har du hjernefluer?

Les om «norsk»
for russere, s. 28

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

41. ÅRGANG 1/2013

- Intervju med kulturministeren, s. 6
- Folk flest googler først, s. 18
- Kåringa av årets ord, s. 21
- Scenespråk ved Det Norske Teatret, s. 24

Språkrådet



Godt nytt Språkår!

Truleg har mange av lesarane alt fått med seg at 2013 er det nasjonale Språkåret. Med statsstøtte frå Kulturdepartementet og organisering under Nynorsk kultursentrum er Språkåret 2013 eit stort prosjekt som skal «bli ei raus feiring av språklege skilnader og mangfald», som det står på nettstaden til prosjektet. Utgangspunktet er to viktige jubileum. I 1813 vart Ivar Aasen fødd, mannen som skapte det skriftspråket vi i dag kallar nynorsk. Og i 1913 vart Det Norske Teatret opna, nynorskteateret som i dag er ein av dei viktigaste arenaene for språkkunst i landet vårt.

Det er altså to historiske nynorskendingar som ligg til grunn for Språkåret, og mykje av det som skal gå føre seg land og strand rundt i Språkårets namn, har med nynorsk å gjere. Samstundes er det viktig å få fram at nynorsken er eit døme på noko meir allment. Den språkdelte norske skriftkulturen med valet mellom bokmål og nynorsk er ei stadig påminning om at språkbruk alltid inneber språklege val. Det finst alltid

fleire måtar å seie og skrive ting på. Vi vel mellom språk, og vi vel mellom formuleringar i det same språket.

Det meste vi har bruk for å seie, kan seiast om lag like godt på kvensk, tyrkisk eller norsk teiknspråk som på trøndersk eller engelsk. Men ofte har det eine språket nokre treffande uttryksmåtar til rådvælde som det andre språket ikkje har. Og ofte er eitt språkleg val ganske enkelt betre tilpassa situasjonen enn eit anna, som når ein tilsett i ein offentleg etat skal velje mellom formuleringar i eit rundskriv.

I Språkåret skal vi gle oss over språkleg mangfald, debatterer språklege spørsmål og tenkje over kva språk har å seie for oss. Språkrådet stør heilhjarta dei verdiane som Språkåret lyfter fram, og oppfordrar lesarane våre til å gjere det same!

INNHold 1/2013

AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Fleire språk i rådet
- 11 Språkåret 2013 er i gang
- 14 Språknytt 40 år
- 17 Språkbrukeren

INNSIKT

- 18 Folk flest googler først
- 21 Kåringa av årets ord 2012
- 24 Scenepåk frå då til nå
- 28 Fypike gjorde selbureis i røytemåneden
- 31 Rekende på ei fjøl
- 32 Kva er det med samansetjingane?

Har du et spørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalten, kan du sende oss en e-post. Adressen er: sporsmal@sprakradet.no. Skriv «Leserspørsmål» i emnefeltet.



Spørsmål: På Språkrådets nettsider bruker dere lyktes som partisipp av lykkes. Da jeg gikk på skolen i 60- og 70-årene, lærte vi lykkes, lyktes, lykkes. Husker jeg feil, eller er bøyningen forandret?

Svar: I 1995 kom det en rettskrivingsendring som gav lykkes noe endret bøyningsmønster. Det samme gjelder andre såkalte s-verb av denne typen, for eksempel *finnes*, *møtes* og *synes*. Du kan lese mer om den nåværende bøyningen av s-verb i bokmål på nettsidene våre.

Spørsmål: Jeg lurer på om *samhandling* og *samarbeid* er det samme, eller om det er en betydningforskjell mellom ordene.

Svar: I *Bokmålsordboka* står det at *samarbeid* er det å arbeide i fellesskap, for eksempel *internasjonalt samarbeid* og *samarbeid mellom hjem og skole*. Ifølge ordboka er *samhandling* samspill, vekselvirkning mellom to eller flere personer som handler i forhold til hverandre, for eksempel *samhandlingen i en familie*.

En kan rett som det er bruke de to ordene om hverandre, men i utgangspunktet dreier *samarbeid* seg om konkret, målrettet virksomhet med sikte på et resultat, på samme måte som *arbeid* generelt. *Samhandling* er knyttet mer generelt til samspill, også der det ikke dreier seg om arbeid.

De siste årene har samhandling vært aktuelt ikke minst i forbindelse med den såkalte *samhandlingsreformen*, som regjeringen har lansert med tanke på å effektivisere og forbedre samarbeidet/samspillet særlig mellom kommunene og helseforetakene. Når en har valgt å bruke *samhandling* i navnet, er det nok fordi det dreier seg om noe strukturelt og dermed om noe mer overordnet og generelt enn bare konkrete samarbeidsprosjekt.

Spørsmål: Veit de kvar uttrykket *gjere veg i vellinga* stammar frå, og kva veg i *vellinga* faktisk er? Eg skjønar at *velling* er ein slags graut, men ser ikkje heilt samanhengen mellom graut og dette uttrykket.

Svar: *Velling* kjem av det norrøne substantivet *vellingr*, som er laga av verbet *vella* 'strøyme, renne ut'. *Gjere veg i vellinga* tyder 'brøyte seg fram, rydde kraftig opp, få fart på sakene'.

Forklaringa på bruken av ordet *velling* ligg nok i at det ikkje berre tyder 'suppe av gryn eller mjøl kokt i mjølk eller vatn', men også 'flytande masse'. I *Nynorskordboka* er *gjere veg i vellinga* nemnt under den siste tydinga.

Kjell Ivar Vannebo skriv i boka *Prikken over i-en og andre uttrykk* at *velling* også kan «brukes om en masse av jord eller leire, og det er vel helst den siste betydningen vi

har å gjøre med i dette uttrykket. En laget seg altså vei i massene slik at det ble mulig å komme fram.» Vannebo viser til at forfatteren Wiers-Jenssen brukte uttrykket i overført mening allereie i 1923.

Spørsmål: Jeg har lagt merke til uttrykket *mon det* flere ganger i avisene. Hva betyr det?

Svar: I moderne norsk er *mon* et spørreord som uttrykker tvil eller uvisshet om hvor sannsynlig eller gyldig noe er. Ifølge *Bokmålsordboka* kan betydningen gjengis som 'gadd vite', 'jeg skulle gjerne vite om'.

Opprinnelig er *mon* en bøyningsform av det gamle (hjelp)verbet *monne*, med betydningen 'ville, skulle, komme til å, måtte'.

Alt tyder på at forbindelsen *mon det* bare er en avkortet variant av lengre formuleringer som *mon det (ikke) er noe galt på ferde?* og *mon det går bra?* Det er det samme ordet vi finner i uttrykket *mon tro*, som betyr 'skal tro'.

Spørsmål: I politiske debatter hører vi stadig oftere at politikerne bruker uttrykket *sette noe i spill*, for eksempel *sette EØS-avtalen i spill* og *sette norske arbeidsplasser i spill*. Jeg lurer på hva som er riktig, *sette i spill* eller *sette på spill*?

Svar: Det ser ut til at *sette i spill* i disse tilfellene er brukt helt synonymt med *sette på spill*. I betydningen 'risikere; sette i fare' er det *sette (noe) på spill* som er det etablerte uttrykket, og det er det vi tilrår.

I ballidretter bruker en uttrykket *sette ballen i spill* i konkret betydning. En kan lure på om det er idrettsuttrykket som har smittet over i politikersjargongen.

Spørsmål: Ifølge *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* heiter det *algerisk* og *algeriar/algerier*. Når slutta det å heite *algirsk* og *algirar*, og kvifor?

Svar: Det slutta å heite *algirsk* og *algirar* i offisiell rettskriving omkring 1960, og endringa til dei noverande formene *algerisk* og *algeriar* har med nordisk samordning å gjere.

I *Tanums store rettskrivningsordbok* frå 1961 står det *Algerie, algerier, algerisk*, altså som i dag. I 1953-utgåva stod det derimot *algirsk* og *algirar*.

På denne tida var det eit samarbeid mellom dei nordiske språknemndene om geografiske namn. Eit resultat av samarbeidet var ei tilråding trykt i boka *Nordiske språkspørsmål 1959 og 1960*.

Føremålet var å oppnå «størst mulig overensstemmelse mellom sprogene» (s. 43). Dei norske formene som står der, er *Algerie, algerier/algeriar* og *algerisk*. Dei svenske er *Algeriet, algerier* og *algerisk*, mens dei danske er *Algier, algerier* og *algiersk*. I dansk heiter det no offisielt *Algeriet, algerier* og *algerisk*, mens byen heter *Algier*.

Landsnamnet *Algerie* har vore offisielt i norsk iallfall sidan 1932.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke et ord, vil vi nevne det uttrykkelig.

ansvarstilskrivning *Ansvarstilskrivning. Sjeldan har ordet ansvar blitt brukt så flittig. Men i kjølvatnet av rapporten frå 22. juli-kommisjonen er det ikkje lenger lett å vita kven som har det, tek det, eller kva det tyder. [...] – Kva er ansvar, filosof Gunnar Skirbekk? – Me har ansvar når me har forårsaka noko negativt. Av og til blir det spørsmål om å retta det opp. Men det er vanskeleg å gi eit svar på kva ansvar er, utan å situera det. Til dømes kan me spørja om pressa har ansvar. I så fall, bør pressefolk gå? Eller har ein eksempelvis eit ansvar for å tilsetja journalistar som kan noko om naturvitskap for å skriva om klima?*

Dag og Tid 31.8.2012

badestudier *UiO tar opp kampen mot «badestudiene». En rekke norske utdanningsinstitusjoner tilbyr studieopphold i eksotiske strøk i samarbeid med kommersielle aktører. UiO mener dette strider mot Universitets- og høgskoleloven. Kunnskapsdepartementet avviser derimot innvendingen. [...] I juli skrev Aftenposten om Høgskolen i Nesna, hvor om lag en fjerdedel av skolens 1200 studenter følger skolens undervisning på Bali og i Sydney.*

Uniforum.no 14.8.2012

bjørnebrekk – *Bjørnen har røsket av panelet vårt. Ny hytte utsatt for «bjørnebrekk». Denne gangen nøyde bamsen seg med tørrmat og vaskepulver. – Heldigvis var vi ikke i hytta da bjørnen brøt seg inn. Jeg tenker med gru hva som kunne ha skjedd da, sier Unni Hamborg fra Kirkenes til NRK.*

NRK.no 20.8.2012

orkidébarn *Barn som bærer i seg kimen til katastrofe, kan også utvikle seg i uvanlig positiv retning. Forskerne kaller dem orkidébarn. [...] Du husker kanskje begrepet løvetannbarn? Barn som klarer seg til tross for store belastninger. Som løvetannen som springer ut gjennom asfalt. I den nye teorien dukker et nytt bilde opp: Orkidébarn. Lette å skade, men også med stort potensial. De samme genene som er forbundet med antisosial og selvdestruktiv adferd, ser også ut til å ligge bak tilpasning og suksess. [...] Orkidébarna ses som «veddemål» med høye odds. De kan enten tilpasse seg spesielt godt eller spesielt dårlig i et gitt miljø.*

A-magasinet 5.10.2012

sjokkskyter *Sjokkskyterne og politiet. To massedrap på kort tid ryster USA. Men mye er lært siden Columbine High School i 1999. At menn i en viss alder skaffer seg våpen, oppsøker et offentlig sted og begynner å drepe, er dessverre blitt et kjennetegn på vår tid. Gjerningsmennene er ganske forskjellige. Sannsynligvis mer forskjellige enn vi forsøker å gjøre dem. Men selve drepingen ser ut til å følge et mønster. Det skjer som regel helt uten forvarsel. I en kinosal, på en skole, bak vaktposter i en rolig militærleir, eller nå sist i et sikh-tempel. Fra vanlig hverdag til blod og død skiller det bare et sekund eller to. Det er sjokk og overraskelse.*

VG 8.8.2012



Vel ord med omhug

Dette er ei oppmoding frå og eit kjenneteikn ved Noregs fremste utøvar av ordmakt. Språkminister Hadia Tajik er tunga på vektskåla når det er tale om språkmangfald, målformer og verbal formidling.

■ ERLEND LØNNUM

– Ein kan velje å bruke språket som luft, som ein naturleg del av den atmosfæren vi har felles. Men ein kan òg bruke orda til å skape nærleik mellom menneske, slik til dømes Jens Stoltenberg har gjort

i vanskelege situasjonar. Han har klart å setje ord på det mange føler, særleg etter 22. juli-hendingane og seinast i den krevjande situasjonen i Algerie. Med språket kan ein utfordre kvarandre

«Kultur og språk er ikkje berre avkopling, men også tilkopling.»

og kople menneske, situasjonar og opplevingar saman, seier kulturministeren. Ho meiner at kultur og språk ikkje berre er avkopling, men også tilkopling til samfunnet, historia, kjenslene og ei anna røynd.

Språkmakt og ordpreg

Riktig ordbruk har òg med posisjon å gjere. Som 19-åring tillét Tajik seg å bruke eit lada ord som «negermaskot» i antologien *Svart på hvitt*, som ho var redaktør for, og som handlar om korleis det er å vere innvandrar i Noreg.

– Som ung kan ein bruke slike ord på ein meir ironisk og distansert måte. Som statsråd må eg forklare tydeleg kva eg vil med dei orda eg vel. Nå er eg i ein posisjon der eg er med på å definere korleis ein forstår verda, og då må det ein annan type presisjon til. Eg må heile tida tenkje på at det eg driv med, er massekommunikasjon. Kvar dag vender eg meg til personar med ulike referanseramme og bakgrunn. Så viss eg skal bli forstått av alle, må eg velje orda mine med omhug. Vi skal alle snakke så folk forstår, men vi skal seie det med eigne ord, og vi skal ikkje slutte å ha eit leikent forhold til språket, understrekar Tajik.

– Korleis ein oppfattar verda, heng saman med om ein har eit inkluderande språk eller eit språk som skil mellom menneske og puttar dei i forskjellige kategoriar. Og språkforståinga er særleg

viktig når ein har makt, som politikarar og andre samfunnsdebattantar.

Mor som språkformidlar

Interessa for språk begynte i barndomen for Hadia Tajik. Ho har foreldre frå Pakistan, så på skolen i Bjørheimsbygd i Rogaland fekk ho opplæring i det pakistanske fellesspråket urdu, som mor hennar underviste i, sidan ingen andre kunne urdu på heimstaden. Det

første språket ho lærte seg, var derimot dari (persisk). Familien på farsida kjem opphavleg frå Tadsjikistan (Tajik er namnet på folkeslaget der), der dari er hovudsprå-

ket. Moras jentenamn er Qazalbash og kan på si side sporast til Tyrkia.

– Mor mi meinte at bror min og eg uansett kom til å lære norsk i barnehagen og nærmiljøet, så ho lærte oss dari frå barnsbein av så vi kunne kommunisere med slektningar i Pakistan. Mamma jobba iherdig for det, og ho må ha lukkast ganske bra, for når vi ser videoopptak frå oppveksten, snakkar vi dari med eit breitt ordforråd.

Ho er også glad for å ha lært urdu, som var nødvendig då ho såg pakistanske tv-program på urdu og etter kvart også Bollywood-filmar på hindi.

– Hindi og urdu er ulike i skrift, men såpass like i ordforråd og uttale at det er mogleg for urduspråklege å forstå filmane utan problem. Eg gløymer aldri dei herlege impulsane desse fargerike

● ● HADIA TAJIK

Kulturminister og Ap-politikar Hadia Tajik er tidenes yngste statsråd i Noreg og også den første med innvandrarakgrunn. Ho er utdanna jurist og journalist.

filmane gav, gjennom song, dans og musikk, minnest Tajik.

Familien Tajik er med andre ord eit godt døme på at folk flytter på seg i

som Hegge rundt seg. Eg minnest at han sende meg ein e-post etter at eg hadde skrive ei av mine første saker. Der gav han meg generell ros og opp-

● «Eg er i ein posisjon der eg er med på å definere korleis ein forstår verda.»

verda. Eller for å seie det med Salman Rushdie, som Hadia ein gong treffe då ho studerte menneskerettar i London og var eit uskrive blad: «Menneske har ikkje røter, dei har føter.»

Leseglad og skrivefør

I Bjørheimsbygd dreiv familien Tajik nærbutikken, der Hadia hadde god tilgang på aviser og teikneseriar. Ho vart såleis tidleg nyfiken på lesing og skriving.

– Eg las heile tida, alt frå VG og Rogalands Avis til Donald og Bamse, fordi dei var så lett tilgjengelege for meg. Og i 9. klasse hadde eg arbeidsveke i lokalavisa Strandbuen, der eg skreiv om ein bortkomen hund og om at verkstaden nedi gata kunne reparere ein ny type bilar. Då fann eg ut at dette ville eg gjere meir av. Så min store plan i livet var å bli journalist.

Etter journaliststudiet ved Høgskolen i Stavanger fekk ho eit sommarvikariat i Aftenposten, der ho måtte bryne seg

muntring, men samstundes peikte han på at eg gjorde for mange kommafeil. Han la derfor ved kommareglane, utførleg forklarte og med merknaden «Det kan hende du tenkjer at det ikkje er så nøye med teiknsettinga, men då vil eg seie: Jo, det er det.» Deretter lærte eg meg reglane ganske godt. Men eg må vedgå at eg framleis puttar inn for mange pustekomma fordi mykje av det eg skriv, skal lesast opp. For sjølv om det finst dyktige taleskrivarar i departementet, arbeider eg med talene og tekstene på eiga hand, fortel statsråden.

Målformmedviten minister

Tajik hadde nynorsk som hovudmål på barne- og ungdomsskolen, og så var ho ein av mange elevar som bytte til bokmål som hovudmål på vidaregåande skole.

– Eg hadde ikkje nødvendigvis eit reflektert forhold til det den gongen, men eg har i ettertid prøvd å rasjonalisere det med at eg ville stå sterkare viss

● «Å gå tilbake til nynorsk var litt som å spele Wordfeud med seg sjølv.»

på den interne språktesten i regi av Per Egil Hegge.

– Det var ei skremmande oppleving å bli IQ-testa slik. Men det var viktig for språkmedvitet, ikkje minst å ha ein nestor

eg òg kunne skrive bokmål, sidan eg hadde tenkt å bli journalist.

Då Tajik arbeidde som journalist i Akersgata, skreiv ho stort sett på bokmål, også privat, fram til ho for rundt

to år sidan begynte å skrive nynorsk på sosiale medium.

– Å gå tilbake til nynorsk var litt som å spele Wordfeud med seg sjølv fordi eg måtte leggje meg i selen og bruke ord-bøkene aktivt. Korleis var det nå igjen? Kan eg skrive det eller det ordet på nynorsk? undrast vestlendingen.

Nettsida www.hadia.no, som Tajik har planar om å opne att, har ho behalde på bokmål. Og i avisinnlegg den siste tida vekslar ho mellom målformene.

– Det er viktig at ein meistrar både bokmål og nynorsk, for nynorsk har ein sjølvsgad plass i norskfaget og i samfunnet. Derfor må eg òg praktisere begge målformene og ikkje berre meine det. Det er mitt vesle bidrag.

Språkpolitisk engasjert

Kulturministeren ønskjer velkomen diskusjonen om den nye læreplanen i norsk og opplæringa i nynorsk og bokmål.

undervisninga, som eit tillegg til klas-sikarane. For vi må kommunisere til barn og unge at nynorsk ikkje berre er ein kulturell arv, men også ein del av samtida.

Åtvarar mot latmannsspråk

Tajik var mellom 2007 og 2009 medlem av fagrådet for samfunn og høgare utdanning i Språkrådet, der ho blant anna var med og diskuterte den engelske innverknaden på norsk.

– Det er eit gode at dei fleste nordmenn meistrar engelsk såpass godt. Det løner seg både diplomatisk, politisk, økonomisk og kulturelt. Samstundes er det illevarslende at stadig fleire bedrifter og høgare utdanningsinstitusjonar brukar engelsk i staden for norsk, og ikkje berre når dei må. Eg synest det er for lite ambisiøst at det i mange enkeltfag blir undervist einast på engelsk. Men vi blir alle utfordra av den prak-



«Vi må kommunisere til barn og unge at nynorsk er ein del av samtida.»

– Det er utmerkt at diskusjonen fell saman i tid med Språkåret, så kan ein sjå dei språkpolitiske og kulturpolitiske samanhengane betre enn elles. For korleis ein behandlar norskfaget, har verdi langt utover det utdanningspolitiske. Ein så sentral debatt må ikkje vere for smal.

Derfor nemner ho snarare tema som eksamensform, karakterar og når og korleis ein skal introdusere sidemål, framfor spørsmålet om å innføre att omgrepa hovudmål og sidemål i læreplanen. Ho trekkjer også fram at samtidslitteraturen må ha fast plass på skolebenken.

– Vi må for all del ikkje gløyme den moderne litteraturen i nynorsk-

tiske røynda, for vi må også kjenne til engelsk fagterminologi, og internasjonaliseringa krev at ein kan fleire språk, seier Tajik.

– Eg har persisk og urdu med meg i bagasjen, og når eg snakkar med vener og familie, vel eg ofte det ordet som fell meg inn, sjølv om eg i ein og same setning kan ende med å bruke ord frå tre ulike språk. Det blir litt latmannsspråk. Då får ein ikkje utvikla ordforrådet sitt tilstrekkeleg. Og slik kan det òg vere for dei som brukar engelsk aktivt. Utan å tenkje over det grip dei til engelske ord i det norske. Oppmodinga får derfor bli å ikkje vere for lat.


Fleire språk i rådet

■ SVEIN ARNE ORVIK

Kvensk, romani og romanes er no mellom dei språka Språkrådet arbeider for å fremje. Ved årsskiftet byrja Verena Schall som rådgjevar for minoritetsspråk.

– Med denne nye, faste stillinga vil Språkrådet auke kunnskapen om og toleransen for det språklege mangfaldet i Noreg. Det høver godt i Språkåret 2013. Stillinga gjer at Språkrådet kan engasjere seg meir aktivt i spørsmål som gjeld andre språk enn norsk, seier direktør Arnfinn Muruvik Vonen.

Språkrådet har lenge arbeidd med kvenske stadnamn, men har no fått ein eigen rådgjevar med ansvar for dei nasjonale minoritetsspråka kvensk,



romani og romanes og for nyare innvandrarspråk.

Kontakt med språkbrukarar

Verena Schall (bildet) har tysk-finsk bakgrunn og kjenner stoda for det kvenske språket og det kvenske, norsk-finske miljøet godt

etter mange år i Tromsø.

– Det er viktig at arbeidet med å normere kvensk språk og gje ut ein grammatikk og ei kvensk ordbok held fram. Slikt er infrastruktur for språket og viser kva for status språket har, seier Schall.

Ho trekkjer fram at interessene til dei som brukar romani og romanes i Noreg, må verte meir synlege i samfunnet. Ein viktig del av stillinga er å ha kontakt med språkbrukarar, fagmiljø og interesseorganisasjonar. Språkrådet skal òg spreie informasjon om og på minoritetsspråk og samle inn kunnskap om bruken av språka.

Språkrådet har fått midlar frå Kulturdepartementet til å opprette den nye stillinga. Med stortingsmeldinga *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* fekk Språkrådet eit utvida ansvar for andre språk enn norsk. For halvtanna år sidan fekk Språkrådet ein eigen rådgjevar for norsk teiknspråk.

MINORITETSSPRÅK

Kvensk, romani og romanes er anerkjente nasjonale minoritetsspråk i Noreg.

Kvensk vart anerkjent som eit eige språk i 2005. Språket er nær i slekt med finsk.

Romani er eit indoarisk språk med norsk lyd- og bøyingsmønster og skandinavisk grammatikk.

Romanes er eit indoarisk språk. Språket har fleire indiske trekk enn det romani har.

Nyare minoritetsspråk

Det er meir enn 150 nyare minoritetsspråk i Noreg. Nokre av dei mest brukte er polsk, somali, arabisk, litauisk og tysk.

Språkåret 2013 er i gang



Språkåret skal setje fokus på alle språk i Noreg: målformene nynorsk og bokmål, samisk og minoritetsspråka kvensk, romani og romanes, i tillegg til norsk teiknspråk, som har fått offisiell status i Noreg. Samtidig har vi òg mange dialektar og ei rekkje nye innvandrarspråk.

Målet er ei raus, inkluderande og samlande feiring av alt språk i Noreg, med grunnlag i 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret. Den offisielle opninga vart halden av kulturminister Hadia Tajik 2. januar i Kristiansand, der Det Norske Teatret heldt den aller første framsyninga si på denne dato.

Språkrådet inviterer til debatt

Språkrådet skal i løpet av året arrangere fleire språkafear, der vi inviterer til debatt om språkpolitiske emne. Det første emnet blei debattert på den internasjonale morsmålsdagen 21. februar på Litteraturhuset i Oslo. Temaet var

situasjonen for dei som har eit anna språk enn norsk som morsmål.

Språkrådet vil nytte Språkåret 2013 til å framheve språkleg mangfald og måljamstilling i arbeidet med å betre språket i offentleg forvaltning. Vi vil òg markere verdien av språkmangfald på Døves Kultur dager.

Det vidare arbeidet med Språkåret skal Nynorsk kultursentrum stå for. Inger Johanne Sæterbakk er tilsett som prosjektleiar, og sekretariatet ligg på Ivar Aasen-tunet.

Språkåret har si eiga nettside, www.spraakaret.no. Du kan følgje Språkåret både på Twitter og Facebook.

Språkmeldinga som handlingsplan



I rapporten *Retorikk og resultater* analyserer professor Anders Johansen ved Universitetet i Bergen stortingsmeldinga *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (St. meld. nr. 35, 2007–2008), ofte kalla språkmeldinga.

Utgangspunktet for analysen er det overordna målet i meldinga,

«å styrkja og utvikla norsk språk som eit rikt og funksjonelt brukspråk og som uomstridt nasjonalspråk og hovudspråk i Noreg». I analysen legg forfattaren vekt på forholdet mellom språkpolitikken og universitetspolitikken.

Språkmeldinga er det grunnleggjande uttrykket for gjeldande språkpolitikk i Noreg og ligg mellom anna til grunn for at Språkrådet har fått utvida mandatet sitt. Analysen er publisert i serien *Språkrådets skrifter*. Sjå nettstaden til Språkrådet.

Nordtermdagene 2013

De neste Nordtermdagene arrangeres i Stockholm 17.–20. juni. Nordterm er samarbeidsforumet for terminologiarbeid, -utdanning og -forskning i Norden.

Hvert annet år arrangerer Nordterm et kurs og en konferanse som er åpen for alle, denne gang i Stockholm med det svenske Terminologicentrum TNC som vert. Kurset finner sted 17. juni, konferansen 18. og 19. juni og Nordterms generalforsamling 20. juni.

Kurset vil handle om ulike typer mo-

dellering ut fra terminologisk begrepsanalyse. Konferansen har tittelen *Från förarbete till förvaltning – terminologiarbete steg för steg*. Gjennom foredrag innenfor fire undertemaer settes søkelyset på hovedstegene i terminologiarbeid: planlegging, gjennomføring, presentasjon og forvaltning.

Konferansen retter seg mot alle som arbeider med eller er interessert i terminologi og fagspråk. Les mer på www.nordterm.net.



Strida om norskfaget

Språkrådet har skrive ei høyringsfråsegn til forslaget til revidert læreplan i norsk. Eit viktig språkpolitisk prinsipp er at nynorsk skriftspråk skal styrkjast. Språkrådet meiner at fleire av dei føreslåtte endringane kan svekkje stoda for nynorsk skriftspråk.

Opplæring i skriftleg norsk er kjernen i norskfaget. Likevel blir det i den reviderte læreplanen skore ned på krava til å kunne skrive på både bokmål og nynorsk. Det vil vere eit tilbakesteg for den språklege jamstillinga dersom det blir mindre opplæring på sidemålet og lågare krav til meistring av det. Det må vere krav til dokumentasjon av kompetanse i begge dei jamstilte skriftspråka på vitnemålet.

Bokmål og nynorsk har ulike levekår i samfunnet. For å sikre ei god utvikling for nynorsk tilrår Språkrådet ei satsing

på tidlegare og betre skriveopplæring på nynorsk for bokmålselevar og styrkt skriveopplæring på nynorsk for nynorskelevar. Mellom anna må ein sikre at nynorskelevane får opplæring i lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheit i alle fag på nynorsk. Eit kompetanseløft for lærarane er dessutan garantien for eit godt norskfag og for at læreplanen blir realisert.



Staten bryter målloven

Staten har langt igjen før kravene i målloven er nådd. Det viser tallene fra *Rapport om målbruk i offentleg teneste 2011*.

Rapporten viser at mange statsorganer bryter lovkravet om at de skal ha minst 25 prosent av både nynorsk og bokmål på nettsider og i andre tekster til publikum.

– Selv om vi ser at en del statsorganer gjør en innsats for å nå målene, skriver staten rett og slett for lite nynorsk, sier direktør i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen.

Tallene fra 2011 viser at det fortsatt er for få tekster på nynorsk. Mange

skjemaer lages bare på bokmål, selv om loven sier at de skal finnes på begge målformer.

– Undersøkelser viser at bare en av tre statsansatte mener de behersker begge målformene godt nok. Men når det går år etter år uten at skjemaer kommer i både bokmåls- og nynorskutgave, handler det også om at målloven blir neglisjert, sier Vonen.

Språkrådet får også stadig flere klager på mållovsbrudd. I 2011 ble 164 klagesaker behandlet, som nesten er en femdobling siden 2008. Rapporten ligger på Språkrådets nettsider.

1973–2013 Språknytt 40 år

«Bladet vender seg til alle som har interesse for språkspørsmål», het det i historiens første Språknytt i 1973. Meldingsbladet skulle orientere om arbeidet i Norsk språkråd, presentere språkstoff og svare på spørsmål.

Og slik er det fortsatt i tidsskriftet som Språkrådet førte videre da Norsk språkråd ble lagt ned.

Aldrende bakdelar

I det første nummeret ble det i spalten «Du spør, vi svarer» stilt spørsmål om *aging* og *bakdel*: En lege hadde bruk for et norsk ord for det engelske *aging*, 'det å bli eldre', og Språkrådet svarte at *aldring* er kurant. Og siden har ordet festet seg. En annen lurte på om ordet *bakdel* kan brukes i betydningen 'ulempe'. Språkrådet svarte: «Sjølv om *bakdel* har ei konkret tyding, skulle det ikkje vere noko til hinder for at *bakdel* går inn som motsetningsord til *fordel* i tydinga 'vinning', 'føremon'»

I 1973-årgangen kunne man lese om målstrid, reklamespråk, språkplanlegging, stedsnavn og Språkrådets virksomhet. I neste årgang handlet det

blant annet om oljeterminologi, nordisk samarbeid, hovedmål/sidemål, skriftspråk/talemål, akademisk sjargong og tekniske lånord. Temaene er like aktuelle i dag og har siden dukket opp med jevne mellomrom i Språknytt.

Meget enestående?

I de tidligste numrene finner vi også noen kuriosa. En leser foreslo å innføre verbet *å ski* for det å gå på ski, slik tilfellet er på samisk. «Norsk språkråd mener som denne innsenderen at *å ski* må kunne brukes for *å gå på ski*», lød oppfordringen i 1974.

Året etter stod det et kåseri om overdrevne uttryksmåter som «veldig viktig». Kåsøren siterte her Winston Churchill som skal ha sagt til sin ektefelle: «Du må ikke bli sint på meg kjære kone, men du bør ikke si 'meget inspirerende'. 'Inspirerende' alene sier alt. Du ville jo ikke si 'meget enestående'»

NYORD FRA 70-TALLET

barneombud | fuskpels | heterofobi/homofobi | hodejeger
laserplatespiller | likekvinne | programslalåm | tastafon
tosomhet | undergrunnsøkonomi



I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

TERRENGVINNARAR

For dei fleste av oss er sykkelsesongen berre så vidt i emning, men somme held hjula i gang heile året. I dette nummeret vil vi visa til ei gruppe syklistar som er gode til å ta seg fram i ulendt terreng, både i utmarka og i språkvegen, der engelsk elles rår mykje av grunnen. Vi finn begge systlane omtala på nettsida www.terrengsykkel.no.

Terrengsykkel har snart ei fartstid på tre tiår som avløyasarord for *offroad-sykkel* eller *mountain bike*. Som det står på den nemnde nettstaden, er det norske ordet no så etablert hos terrengsyklistane at bruken av dei engelske orda helst viser at ein er utanfor brukargruppa.

Dempa opplysning

Nyleg hadde ordsmedane i terrengsyklistmiljøet ein orddugnad for å finna eit norsk avløyasarord til *hardtail*, og vinnaren blei *halvdempar/halvdemper*. Ein skjønar straks at dette må vera noko som dempar halvveges eller (med) halvparten. Det er det siste som er tilfellet: Ein *halvdempar* er nemleg ein sykkel som har støytdemping med dempargaffel på framhjulet, men ikkje har demping bak.

Den udempa bakparten er det som har gitt *hardtail* på engelsk. Eit ord som *stivstjert* kunne ha fungert på norsk òg, men det er litt bakvendt å spesifisera ved hjelp av det som er vanleg på ein sykkel. Med *halvdempar* får vi eit fint motstykke til *fulldempar*, som er terrengsykkel med demping både

framme og bak. Dette har sett seg som avløyasarord for det engelske *full-suspension*.

Det går opp og ned

Det finst altså fleire slags terrengsyklar, og det finst fleire typar sykling i terreng. Det som på engelsk heiter *cross country*, er den einaste olympiske øvinga. Løypa går gjennom skogsterreng med stigningar og fall. På norsk heiter det *rundbanesykling* eller berre *rundbane*. Mindre konkurranseorientert terrengsykling i meir krevjande terreng heiter på engelsk *trail-riding* eller *all-mountain*. På norsk heiter det beint fram *stil(g)sykling*.

Vidare er nemninga *frikøyring/frikjøring* (i staden for *freeriding*) etablert om sykling utanfor løyper, og *utfor* eller *utforsykling* om den greina der syklisten susar ned bakkar (*downhill* på engelsk). Så endeframt kan det gjerast. Vi har òg sansen for *jordhopping*, som er ein sjølvforklarande avløyasar for det potensielt mangtydige engelske *dirtjumping*.

I hjulspora til syklistane

Når vi denne gongen har teke med avløyasarord som alt finst og i ulik grad er etablerte, er det med ønske om at fleire skal bli kjende med desse orda, og at andre spesialistar kan bli inspirerte til å styra ordutviklinga på sitt felt.

.....

Daniel G. Ims er rådgjevar i Språkrådet.



BYEN ER SÅ VAKKER. Han er så ulik staden der eg bur, så ulik andre stader eg har sett. Og eg likar godt at det er så lite engelsk på skilta her.

Skuespiller og konferansier Sarah Jessica Parker på pressekonferansen før Nobelkonserten 2012 i Oslo (vår oversettelse)

.....

MAKTSPRÅK SKAPER AVMAKTSPRÅK. Paragrafer avler utropstegn. Svaret på «tverrsektorielle hendelsestyper» blir «din kødd!».

Debattredaktør Stian Bromark i kommentar i Dagsavisen

.....

«**DET VAR VANSKELEG** å finne ut kva innhald nynorskbrukarar er interesserte i», sa Posten då dei på Webdagane 2012 fortalde om korleis posten.no oppfyller krava i mållova. Men det burde ikkje ha vore nødvendig for Posten å lure på det.

Å finne ut kva innhald nynorskbrukaren er interessert i, er ikkje vanskeleg. Nynorskbrukarane av ei nettside er, ikkje overraskande, interesserte i det same som alle andre brukarar: å få løyst den oppgåva dei kom for. For posten.no vil det til dømes seie å spore pakkar eller finne porto, medan det for Statens pensjonskasse sine nettsider, spk.no, er å bruke pensjonskalkulatoren vår eller søkje om lån.

Kommunikasjonsrådgiver Inger Størseth Haarr i Statens pensjonskasse, i bladet Kommunikasjon

JEG LIDER IKKE av paragrafallergi, og har ingenting imot jurister, men hvem er det som har funnet på å gi dem kontrollen over offentlige brev? Selvsagt skal det være juridisk dekning for alt byråkrater formidler i sine brev til oss. Av og til virker det likevel som om offentlige etater er mer opptatt av den juridiske ryggdekningen enn av å informere oss på forståelig vis. Og altfor ofte virker det som om det offentlige har underskudd på gode pedagoger med folkelig språkføring og kryssordgener.

Redaktør Torgeir Lorentzen i kommentar i Gjengangeren

.....

DET POLITIKERNE HAR GJORT med ordet, er å knytte det til verbet «å være», bruke det adjektivisk og gi det en negativ klang som i «forkastelig» og «feil». [...]

Ved å karakterisere motstanderens utsagn eller politikk som «spesiell», kan du marginalisere og diskreditere vedkommende i lytterens øre, uten selv å forplikte deg. Det faktaorienterte «det er feil» og det moralorienterte «forkastelig!» krever belegg, men dette «spesielt» har noe ullent ved seg. Man kan antyde, henspille på noe, så en tanke om at noe er småsuspekt og så flyte uanstrengt videre i debatten.

Fra artikkel i Morgenbladet om adjektivet spesiell



Språk åpner dører

«Språket er nøkkelen. Du kan ikke komme inn i huset uten den nøkkelen. Med mindre du ødelegger huset.» Slik uttrykte en flyktning seg i en rapport fra Norsk institutt for by- og regionforskning.

Det er nesten umulig å finne noen som er uenig i at språk er viktig for god integrering. Men gjør vi nok for god språkopplæring? Arbeidsinnvandrere fra EU har ikke rett til norskopplæring slik andre innvandrere har. Og språkopplæringen skjer ikke bare på kurs. Minst like viktig er kommunikasjon og kontakt på jobben, i nabolaget, gjennom fritidsaktiviteter og deltakelse i samfunns livet. Derfor har alle et ansvar for å gi innvandrere nøkkelen.

Sosial kontakt oppstår gjennom kommunikasjon. Betydningen av å kjenne i hvert fall én som snakker norsk, kan være avgjørende. Derfor er det oppløftende at 70 prosent av innvandrerbarn svarer at de har enten bare norske venner eller en blanding av norske og innvandrer venner. Barn lærer raskt og naturlig nye språk.

Hva så med den store gruppen av arbeidsinnvandrere som etter hvert utgjør en betydelig andel av innvandringen? En av de viktigste forutsetningene for at innvandrere skal oppleve sosial jumping, er å lære norsk.

Ikke overraskende er språkkunnskaper vesentlig for å bli integrert på det norske arbeidsmarkedet. Manglende språkkunnskaper er dermed en av de viktigste grunnene til at en arbeidsinnvandrer ikke forbedrer sin arbeidssituasjon eller får fullt utbytte av sin arbeidskompetanse eller arbeidsinnsats. Språkhindringer blir arbeidshindringer og kan lett føre til det motsatte av sosial jumping, sosial dumping. Arbeidsinnvandrere må beherske norsk for å kunne tilegne seg informasjon om det norske samfunn, rettigheter, muligheter og plikter. Dersom arbeidsinnvandrere ikke behersker norsk, blir de avhengige av egne landsmenn eller mellommenn i sin arbeidssituasjon, og de kan lettere bli utsatt for klanderverdige arbeidsforhold.

Norskkunnskaper bidrar også til at innvandrere får brukt sin medbrakte utdannelse og kompetanse. Sosial jumping, både i arbeidslivet og i privatlivet, skjer når språket åpner dører. Vennskap bygges gjennom kontakt og kommunikasjon, og da er språket nøkkelen.



Folk flest googler først

■ IDA JACKSON

Den viktigste formidlingen skjer ikke i bokform lenger. Skoleelever, studenter og journalister går ikke på biblioteket hvis de lurer på noe. De søker på nettet først.

Hva er det første du gjør når du hører et ord du ikke vet hva betyr? Går du i bokhyllen og henter ordboken, eller tar du mobilen opp av lommen og åpner nettleseren? Det siste er det vanligste. Oppslagsverkene var de første papirbøkene

som ble utkonkurrert av Internett. Vi har gått fra å ha tunge bøker i hyllene til å gå rundt med kunnskapen i lomma. Det har ført til at folk kaster papirleksikon i søpla. Og det har revolusjonert det vi vet om hvordan folk bruker oppslagsverk.

Redaksjonen ser deg

Tidligere visste forlaget svært lite om hvordan oppslagsverkene de ga ut, ble brukt. Du kunne slå opp i *Store norske leksikon* uten at noen i Kunnskapsforlaget fikk vite hva du leste om. Etter at oppslagsverkene gikk fra å være bøker til å bli nettsider, er ikke leksikonbruken din hemmelig lenger.

Hvilke artikler er de mest leste? Hvilke artikler blir aldri lest? Teknologien gir oss detaljert informasjon. Vi ser leserne våre på storskjerm på kontoret. «Nå er det 16 stykker som leser om samer!» roper kollegaen min. «Kan noen sjekke om den ser bra ut?» Ved å studere søkeordene får vi vite mye om hva slags språk folk bruker, og hva de leter etter. Er det «sola» eller «solen» som får flest treff? Hvordan sørger vi for at artikkelen «sydpolen» kommer opp når 20 prosent søkte på «sørpolen»? Vi må gå bort fra leksikontradisjonen om å ha fullstendige navn som overskrift. Ingen søker etter «Robert Allen Zimmerman». De skriver «Bob Dylan».

Informasjonen om hvordan leserne bruker oppslagsverket, påvirker også redaksjonens prioriteringer. Det er 10 000 som leser artikkelen «jødedom» hver måned. Da må vi bruke mer tid på den enn på «agurkbladlus», som hadde ti besøkende i 2012. Det er uvant for skribentene fra papirleksikonet, som er vant til å begynne på A.

Alle søker på nettet først

En annen dramatisk overgang er at nesten ingen slår opp i leksikonet lenger. De søker heller på Internett. De 16 personene som leste artikkelen om samer, fant den via Google, den største søkemotoren i verden. Før gikk folk til boken de hadde tenkt å slå opp i, når de lurte på noe. Nå søker de i all tilgjengelig informasjon

på én gang. *Store norske leksikon* får 90 prosent av alle leserne sine fra Google. Hvis vi ikke hadde hatt en artikkel om samer som Google kunne finne til dem, ville de 16 lest noe annet, forhåpentligvis en Wikipedia-artikkel og ikke et rasistisk blogginnlegg. Skoleelever har tilgang på lærebøker, digitale læringsplattformer, biblioteker og fysiske oppslagsverk. Men da vi spurte 200 lærere om hvilke ressurser de ba elevene bruke når de skulle finne informasjon, var svaret entydig: De ba dem søke på Internett. Uansett hvor mange nye lærebøker som skrives hvert år, er de ikke elevenes viktigste kilde til informasjon. Studentene har det på samme måte: De løper ikke på Universitetsbiblioteket når de skal lese om Sokrates. De søker på Google. Det gjør antageligvis du også. Og det er her problemet oppstår. Fordi de kloke hodene skriver bøker og artikler på lukkede læreplattformer. De skriver ikke der leserne leter.

Internett er tre typer tekst

Jeg pleier å si at Internett består av tre typer tekst. Den første typen er faktaopplysninger, som leksikonartikler, ordbokdefinisjoner, kart og statistikk. Det er den samme kunnskapen som du pleide å kjøpe i form av atlas, ordbøker, leksikon og statistisk årbok. Dette er også den typen informasjon som folk nesten utelukkende leter etter på nett.

Den andre typen tekster består av avisartikler, kommentarstoff, blogginnlegg og annet redaksjonelt innhold. Det er varianter av den typen tekst du finner i papiraviser og tidsskrifter, men også dagbøker og essayistikk. De er tekstene som får pressestøtte på papir, og de er de typene tekst folk leser både på skjerm og på døde trær. A-Magasinet finnes både på glanset papir, som iPad-app og som artikler på Aftenposten.no.

Den siste typen tekster finner du i sosiale medier. Det er skriftlige samtaler og småprat, diskusjoner på Twitter og skravlingen på Facebook. Disse tekstene overlapper med formater som SMS, julekort, leserbrev og kaffeslabberas, men de er blitt mye større og viktigere på Internett. Leserbrev pleide å bli lest av et lite lokalsamfunn og gikk i papir-innsamlingen etter to dager. En velformulert Facebook-oppdatering kan reise Norge rundt. Mens faktaopplysningene er blitt noe folk primært leter etter på nett, er småpraten først kommet til sin rett i sosiale medier.

Internett er en hest

Disse tre teksttypene bygger på hverandre. Hvis Internett var en hest, ville faktaopplysningene vært skjelettet og det kreative innholdet vært musklene. Det er vanskelig å skrive en nyhetsartikkel uten god informasjon fra leksikon, ord-bøker, atlas og Statistisk sentralbyrå. Musklene må være koblet på skjelettet for at hesten skal kunne stå oppreist. De sosiale mediene ville vært energien og pulsen som fikk hesten til å bevege seg. Småpraten og diskusjonen i sosiale medier gir nye lesere til det redaksjonelle innholdet.

Faktaskjelettet er det viktigste for Google. Når du søker på «Bulgaria», leter du ikke etter en rekke avisartikler og reiseblogger der Bulgaria er omtalt. Du er avhengig av at det finnes gode oppslagsverk med artikler om Bulgaria der du kan finne alt på et sted. Du vil ha en definisjon av ordet «kognitiv», ikke tusenvis av artikler der ordet kognitiv blir brukt. Faktaopplysningene er ryggraden til Internett. De sørger for at skoleelevene finner det de leter etter når læreren ber dem finne informasjon på «data'n».

Fra Skavlan til toppen av Google

For mange er informasjonsarbeid «kunsten å komme i mediene». Men et tv-innslag har kort levetid, selv om det blir sett av mange. Radioopptredener og avisintervjuer blir fort glemt hvis de ikke legges ut på nettet. Du kan ikke være på forsiden av VG hver dag, men du kan være øverst på Google med artikkelen «fotosyntesen» hver dag. Mange har gått ut og sagt at forskere må være flinkere til å blogge, bruke Twitter og delta i den offentlige debatten. Det må de gjerne gjøre, men mye av formidlingsjobben kan gjøres ved å fikse én Wikipedia-artikkel eller oppdatere én artikkel i Store norske leksikon.

En dame jeg kjenner, har en av Norges mest leste matblogger. Hun oppdaterer den nesten aldri, men siden hun ligger nesten øverst på Google hvis du søker på «potetmos», strømmer folk inn hver dag. En god Twitterkonto krever aktiv innsats hver dag. Hvis du er religionshistoriker og oppdaterer leksikonartikkelen «jødedom» en gang i halvåret, kan du likevel nå flere mennesker enn du gjorde om du skrev en ny fagbok og promoterte den i mediene.

Kunnskapen om hva folk leter etter, og hvor de leter etter den, gjør at vi kan gi deg riktig informasjon på mobiltelefonen din. Men det krever at vi legger bort papirmåten og massemediemåten å tenke på. Vi må venne oss til at folk flest googler først – og ta konsekvensene av det.

.....

Ida Jackson er forfatter, blogger og nettansvarlig i *Store norske leksikon*. Hun har blant annet skrevet boken *Sosiale medier – hvordan ta over verden uten å gå ut av huset*.

Kåringa av årets ord 2012



■ GISLE ANDERSEN OG OLE VÅGE

I vekene før jul vart det mykje merksemd i media då Språkrådet og Noregs handelshøgskole la fram lista over dei viktigaste nyorda i 2012, der ordet *nave/aving* hamna på topp. Her vil juryen gjere greie for arbeidet med nyorda og prioriteringane bak valet.

Både Språkrådet og Noregs handelshøgskole har også tidlegare kåra dei viktigaste nyorda. Det nye med måten vi arbeidde på i år, var at vi gjekk saman om kåringa. Det innebar at vi kombinerte to ulike metodar for nyordsinnsamling, nemleg manuell og datadriven metode. Metodane vert også brukte meir generelt i nyordsforskning og leksikografi, og vi tykte det var interessant å sjå om det var fruktbart å kombinere dei.

To metodar

Den tradisjonelle leksikografien baserer seg på manuelle metodar, som inneber at ein noterer ned nyord og døme på bruken av dei etter kvart som dei dukkar opp i språket. Den datadrivne metoden nyttar datamaskinelle metodar og inneber at ein vurderer nyordskandidatar som kjem fram på grunnlag av store mengder automatisk behandla tekst. Vi har nytta den datadrivne metoden for å trekkje ut nyordslistene frå Norsk avis-korpus. Dette er eit svært omfattande tekstkorpus som er utvikla av forskings-selskapet Uni Research i Bergen. Dei har laga eit system for å finne fram til dei nye orda automatisk etter kvart som dei dukkar opp i norske aviser.

Arbeidet vårt dreidde seg såleis om både å vurdere dei nyorda som Språkrådet har samla manuelt i løpet av året (nokre av dei har vore med i nyordspalta her i Språknytt), og å vurdere nyordskandidatar som kjem fram i avis-korpuset. Å leite etter aktuelle og gode nyord blant kandidatane er som å leite etter nåla i høystakken, for det er svært mange nye ordformer som dukkar opp kvart år. Det kjem mellom anna av at systemet fangar opp alle nye stavefeil og alle nye samansetjingar i tillegg til nyordskandidatane. Derfor trengst det nokre faste kriterium for å avgjere kva som skal reknast som eit aktuelt nyord. Vi nyttar både statistiske og lingvistiske kriterium i den vurderinga.

Kriterium

For at eit nyord skal verte vurdert, må det vere brukt fleire gonger og i fleire ulike kjelder. Det er med andre ord ikkje nok at eit ord er nytta eit fåtal gonger i samband med ei bestemt nyheitssak. Dei ti orda som vert valde, må også ha prega året som har gått. Dei skal gjerne ha vore brukte i samband med ei nyheitssak som har vore mykje omtalt, og som folk kan kjenne igjen,

slik som *bankunion*, som det har vore mykje snakk om i samband med finanskrisa. Dessutan vurderer vi ordet ut frå dei språklege kvalitetane. Det skal helst vere eit ord som fungerer godt på norsk.

Å *nave* vart altså kåra til årets ord, og grunngevinga var at ordet er ei kreativ nydanning utvikla frå eit etatsnamn, noko som er sjeldsynt i norsk. I tillegg føyer ordet seg fint inn i norsk orddan-

«Å *nave* er ei kreativ nydanning som føyer seg fint inn i norsk orddanningsmønster.»

Det skal gjerne vere lett å uttale og føye seg godt inn i norsk orddanningsmønster ved at ein enkelt kan bøye det og lage nye avleiingar eller samansette ord med det. Kreative og uvanlege orddanningsmønster vert også vektlagde av juryen. Til sist vurderer vi om ordet har ei viss evne til å overleve. Såleis er det ganske vanleg at norske avløyasarord for utanlandske termar (oftast frå engelsk) hamnar på lista, slik som *strøymeteneste/strømmetjeneste* på årets liste. Sjølv om ei slik oppføring på lista ikkje inneber at Språkrådet formelt har godteke ordet, vonar vi at språkbrukarane vert merksame på og tek i bruk gode avløyasarord til engelske ord som til dømes *streaming*. Det er også interessant å merke seg at særst gode nyord har ein observerbar smitteeffekt i form av nye samansette ord som er danna etter mønster frå eit tidlegare nyord. I år førte vi opp *monsterløn*,

ningsmønster. Ordet har også vorte brukt ofte i norske avistekstar, hovudsakleg sidan mars månad, og vil nok verte hugsa frå ein av dei større samfunnsdebattane i fjor. Ordet vart først nytta av og om ungdom som tok seg eit friår som er dekt av stønad frå Nav.

Reaksjonar

Kåringa vart omtalt i media og fekk reaksjonar av ulike slag. Ein del meinte at det var eit godt ord, men med eit trist innhald. Andre uttalte at ordet fylte eit tomrom for eit fenomen dei hadde observert og ville debattere. Men kåringa fekk også andre slags kommentarar. Juryen var inne på at *å nave* har vorte nytta i lang tid innanfor til dømes lafting. Fleire språkinteresserte ville peike på at ordet også vert nytta med andre tydingar, mellom anna 'styving av lauvtre for å nytte lauvet til fôr'. Andre har

«Kåringane inneber ikkje ei normering av orda eller ei godkjenning for oppføring i ordbøkene.»

som er danna etter dei mykje omtala monsternastene, som var inne på lista frå 2011, medan *oskefast/askefast*, som var vinnaren frå 2010, førte til mange nye ord med sisteledet *-fast*, slik som *ferjefast*, *hyttefast* og *moskusfast*.

kommentert at ein navar er ein slags spiralbor med tverrskaft. Ordet har også fleire tydingar i ulike dialektar, ifølgje *Norsk Ordbok*. Men sjølv om ordforma altså er kjend frå før, er *å nave* her eit nyord fordi tydinga er ny, og



fordi det er ei ny utvikling av eit verb og eit fellesnamn frå eit eigennamn. Den tilfeldige likskapen med dei eldre tydingane ligg berre på ordoverflata. Generelt kan ein seie at vi får nyord på to måtar, anten ved at ordforma er ny, som samansetjinga *smartskole/smartskule*, eller ved at ei kjend ordform får eit nytt innhald, som *kvitevare*, som i si tid gjekk frå å tyde 'ufarga tekstil av bomull og lin' til òg å tyde 'hushaldsartiklar som kjøleskap, komfyrar og vaskemaskinar'.

Dei sterkaste reaksjonane kom nok frå nokre som meinte at ordet var nedsetjande. Dei stilte spørsmål ved om Språkrådet kunne godkjenne eit slikt ord. Her må vi igjen understreke at kåringa ikkje innebar ei normering av ordet og heller ikkje ei godkjenning for oppføring i ordbøkene. Problemstillinga gjer det likevel interessant å ta opp kva status eit nyord har i denne samanhengen. Det første som kan seiast, er at kåringa tek utgangspunkt i fagleg observasjon av faktisk språkbruk i skriftlege kjelder. Det er altså språkfaglege kriterium som vert nytta for å vurdere nyorda. Når vi fører eit bestemt ord på lista, er dette eit akademisk innlegg, ikkje eit politisk innlegg. Kåringa inneber såleis ikkje at vi tek stilling i ei politisk sak, og det kan ikkje sjåast som eit innlegg i debatten om velferdsordningane våre.

Eige liv

Ordet *nave* vart opphavleg nytta av og om ungdom, men nyord byrjar gjerne å leve sitt eige liv, og det står att å sjå kva innhald og eventuelle nye tydingar ordet vil få. I tillegg til tydinga har mange ord ein konnotasjon, altså ei sidetyding, gjerne positiv eller negativ. Ein del reaksjonar frå folk kom nok på grunnlag av det dei meinte var negative konnotasjonar til ordet, medan andre meiningar

DEI TI ORDA I KÅRINGA

- 1 å nave
- 2 grovkarbo
- 3 bankunion
- 4 strøymeteneste/strømmetjeneste
- 5 smartskule/smartskole
- 6 monsterløn/monsterlønn
- 7 halehelt
- 8 grexit
- 9 glanekø
- 10 karbonsko

går i motsett lei. Det er òg mogleg at ordet kom i bruk fordi ungdom trong eit ord med positiv konnotasjon for det å gå på trygd i ung alder. Det er med andre ord naudsynt å vente for å sjå korleis bruken av å *nave* utviklar seg. Til slutt er det jo språkbrukarane som avgjer kva tyding og konnotasjon ordet får.

Av dei andre ni orda var det kanskje *glanekø* som fekk mest merksemd, men ord som *halehelt*, *strømmetjeneste/strøymeteneste* og *grexit* vart òg omtalte i eit visst omfang. Det er verdt å merke seg at ordet *grexit*, som nok var ukjent for ein del, også kom med i nyordskåringa til Språkrådet i Sverige.

Kåringa av årets ord er nesten som å ta temperaturen på kva vi snakka og skreiv om i løpet av fjoråret. Det er også eit vitnesbyrd om korleis språket vårt endrar seg i takt med samfunnsutviklinga. Det forklarar kanskje kvifor kåringa fekk så stor merksemd.

.....

Gisle Andersen er professor ved Noregs handelshøgskole.

Ole Våge er seniorrådgjevar i terminologitenesta i Språkrådet.

Scenespråk frå då til nå

■ OLA E. BØ

Då Det Norske Teatret i Oslo vart skipa for 100 år sidan, skulle det minna folk om at språket fanst. Det skulle vera ei inspirasjonskjelde for ny norsk dramatik, og det skulle skapa det nynorske talemålet ved at dialektar frå ulike landsluter fekk «slipast mot kvarandre».



Scenespråk som omgrep og som førebilete for danna daglegtale er ein arv frå tysk tradisjon. Der er scenespråket nokså strengt, og einsarta uttalereglar gjeld heile det tyske språkområdet.

Frå slutten av 1800-talet og til i dag har standardverket *Deutsche Bühnenaussprache* av språkprofessor Theodor Siebs vore bibelen. Ein liknande posisjon har teaterspråket hatt både i Noreg og mange andre europeiske land. Vår heimlege 1800-talsfilosof M.J. Monrad skreiv entusiastisk om «Theatrets forædlende Indflydelse», som særleg kjem til uttrykk «med Hensyn på Nationens Sprog – dette Nationalitetens fineste og meest eienommelige Udtryk».

Frå dansk til landsmål

Foredlinga skjedde ikkje utan motstand, og det begynte med Henrik Wergeland. Han såg seg lei på at norske scenar var ein arena der ein berre fekk høyra tilgjort dansk tale. Dette skreiv han alt i 1830 eit eige stykke om, *Harlequin Virtuos*, der han let ein av sine mest latterlege figurar setja dagsordenen: «Han taler jo ikke

det nye bedre Sprog: det moderne, det dansk-norske, det offentlige Theaters Sprog, det, som Landet skal lære af Skuespillerne.»

André Bjerke tok opp att den same lekse 130 år seinare, men no i fullt alvor, i essayet *Om talesprog, kultursprog – og My Fair Lady* (1960):

Skuespilleren må – ut fra de krav hans yrke stiller – ha et skapende forhold til det muntlige, et usvikelig sikkert øre for det talte ord, replikken og dens klangmuligheter, og ingen har bedre forutsetninger for å kunne skjelne mellom frisk muntlighet og knot. Symptomatisk er det derfor at Norsk skuespillerforbund har nektet å la seg representere i Språknemnda. Og symptomatisk er det at det rene riksmål urokket har bevart sin posisjon ved landets teatre – 22 år etter at det ble avskaffet av Stortinget.

I mellomtida hadde den unge Bjørnstjerne Bjørnson og Ole Bull ført Wergelands fanesak vidare. Bull fekk grunnlagt Det Norske Theater i Bergen i 1850 med eit utprega norsk repertoar, og

nystemt bergensk hadde ein frisk klang av noko nasjonalt som tida spurde etter. Då Ivar Aasen i 1855 presenterte det første teaterstykket på det nye landsmålet,

udtrykke sig paa kan være ejendommelig og have sin Interesse; men vi vil have det raskere, klarere – vi har ikke Tid til slikt Sludder.» Dette var same året som

«Scenespråk som omgrep og som førebilete for danna daglegtale er ein arv frå den tyske tradisjonen.»

syngespelet *Ervingen*, var Bjørnson vilt begeistra, særleg for språket: «Ligeoverfor det må vi med Skam og Misundelse høre dets uudtømmelige Ordforraad, se dets gjennom Aarhundreder opsamlede Erfaringsskatte og Visdomssprog. Aldrig kan man mere beklage det Bytte, vi har gjort.» Godt 40 år seinare hadde bukkehornet fått ein heilt annan lyd: «Bondens sene, nølende ubestemte Maade at

Nationaltheatret kom i gang, med Bjørnstjernes son Bjørn som teatersjef.

Inspirasjon frå Berlin

Stemminga hadde snudd, landsmålet var i framgang, striden om kulturmakta stod i språket. Arne og Hulda Garborg henta inspirasjon frå Berlin og det litterære selskapet Freie Bühne, som vart skipa i 1889, og følgde opp med



Frank Kjosås og Heidi Gjermundsen Broch i musikalen *Evita* ved Det Norske Teatret.

Foto: Jan Petter Lynau / VG / NTB Scanpix

teateret Freie Volksbühne i 1891, eit breitt folkeleg teater med eit ambisiøst program. Med si sosiale forankring passa teateret godt inn i Garborgs språkpolitiske program for eit landsmålsteater: Teateret skulle minna folk om at språket fanst, det skulle gjera det lettare å halda på språket for «bønder i by'n», det skulle vera ei inspirasjonskjelde for ny norsk dramatik, og sist, men ikkje minst, det skulle skapa det nynorske talemålet ved at dialektar frå ulike landsluter fekk «slipast mot kvarandre».

Korleis gjekk det så med slipinga etter at Det Norske Teatret, «slagsmåls-teateret», kom inn i rolegare farvatn etter den dramatiske oppstarten? I 1921 vedtok styret at «det obligatoriske norske skulemål skal verta nytta ved fram-yingane». Men sjølv om teateret la

hadde det hatt 162 skodespelarar, heile 38 av dei var frå Oslo. Det er opplagt at dei sette sitt preg på scenespråket, som var lett å parodiara både for sidemåls-hatarar og opprørsk innflyttarungdom. Utnamnet «stortingsgatenynorsk» kunne begge sider skriva under på. Internt på teateret var òg motsetjinga mellom det bygdenorske og det urbane tydeleg. Dei urbane skodespelarane fekk støtte frå Breidsvoll: «Særleg dei unge frå Oslo har ein fin og korrekt uttale», skrytte han og la til at det var verre med dei som kom «frå bygdene, dei vil gjerne leggja sin eigen dialekt inn». Osлотonen var malen, og elles låg ein midt i normalen. Her var det ikkje mykje rom for dialektar å slipast mot kvarandre.

Den sterke teatersjefen Tormod Skagstad, som prega teateret i perioden

«Det Norske Teatret sit med mykje av ansvaret for å læra skodespelarar å bruka nynorsk som scenespråk.»

vekt på å ikkje favorisera ei bestemt side i dei normeringsstridane som med jamne mellomrom reid målrørsla som ei mare, fekk «målrettarane», som dei typisk nok vart heitande, stor innverknad på språkvala. Professor Olav Midttun, som lenge var med og prega språket på Det Norske Teatret, heldt hardnakka på «me hev fenge» sjølv om motstanden på huset auka. Han vart NRK-sjef i 1933, og då han skulle erstattast, ynskte mange seg ein målrettar som var litt meir moderne. Med Einar Breidsvoll vart «vi har fått»-formene innførte ved teateret.

Osлотonen

Mange av dei berande kreftene ved teateret har heilt sidan starten vore oslofolk. Då teateret runda 50 år i 1963,

mellom 1960 og 1980, førte linja vidare. Strilen Jon Eikemo, som alt på teaterskulen hadde fått høyra at vestlandstonen var noko han måtte leggja att heime, vart så provosert av motstanden at han slutta. Så seint som utpå 1980-talet, då den unge, lovande Hildegun Riise kom nytklekt frå teaterskulen, var det liten toleranse for anna enn austlandstonen.

Teaterskolen

Den språkpolitiske linja på Statens Teaterskole, som starta i 1953, var stram og konvensjonell. Studentane vart tilpassa Oslo-marknaden, som dominerte den dåverande teaterstrukturen. At denne linja kunne overleva dei store struktur- endringane i norsk teater utover på 1970- og -80-talet og dei markante haldningsendringane til normert tale-

mål i ein radikal ungdomsgenerasjon, fortel mykje om ein hegemonisk konservatisme i det norske teatermiljøet. Det mest påfallande er at språkopprøret ved regionteatera, med Hålogaland teater i spissen, i så liten grad påverka den

Det vil seia at me i dag nokså konsekvent ber skodespelarane bruka setningsmelodien i sitt eige talespråk som grunnlag for scenespråket. I svært få produksjonar er det naudsynt å gjera noko anna. Det er dette me vil at Tea-

«For det kunstnarlege resultatet er det viktig å ta omsyn til den litterære karakteren til teaterteksten, miljøet i sjølve stykket og språkbakgrunnen til utøveren.»

språkpedagogiske tenkinga på Teaterhøgskolen. For dei som ville bryta med «språktvungen» på Det Norske Teatret og styrka det mangfaldet som er sjølv livsnerven i det nynorske prosjektet, var det lite hjelp å få i den unge, offentlege teaterutdanninga. I dag blir det gjort verdfullt språkarbeid på Teaterhøgskolen, men så lenge ein så sentral utdanningsinstitusjon ikkje gir studentane ein likeverdig kompetanse i bruken av begge dei jamstelte språka dei møter i dramatiske tekstar, er det all grunn til å vera kritisk. Jon Fosses dramatiske raptus er åleine eit godt nok argument. Me har ein nynorsk verdsdramatikar, og det har ikkje nådd heilt inn på Teaterhøgskolen.

Hjelp til sjølvhjelp

Det Norske Teatret sit med mykje av ansvaret for å læra skodespelarar å bruka nynorsk som scenespråk. Teateret må bruka prøvetid på å innøva basisferdigheiter som burde vera sjølvsgade krav til ei høgare teaterutdanning. Noko av dette arbeidet har dei siste 20 åra falle på meg. Eg skal ikkje bruka mykje plass på egne merittar, mitt viktigaste bidrag har vore å justera det bastante kravet om austlandsklang og å jamstilla alle språkbakgrunnar slik at teateret har kome i takt med resten av det språklege omlandet det høyrer til.

terhøgskolen skal trenastudentane i.

Me har òg late dialektane flyta fritt i ein del produksjonar. Mange vil nok meina at me har gått for langt på den vegen, og eg vil ikkje leggja skjul på at både regissørar og skodespelarar, særleg i nyskrivne stykke, har valt å spela på dialekt for å «sleppa» å bruka nynorsk, utan at teksten markerer det. Dialekt kan fungera heilt ypparleg som scenespråk. Problemet med dialekt på scenen er ikkje at dialekten er fattigare, men at han er plassert, både geografisk og kjenslemessig. For det kunstnarlege resultatet er det viktig å ta omsyn til den litterære karakteren til teaterteksten, miljøet i sjølve stykket og språkbakgrunnen til utøveren. Nokre teatertekstar er borne oppe av ei språkleg nyansering og gjennomarbeiding som slett ikkje tolerer eit frislepp av dialektfarging og medfølgjande lokalisering. At ein skodespelar skal heilt heim på kjøkkenet til mor, kan privatisera uttrykket, margstela teksten for litterære kvalitetar og føra til ei sentimentalisering som teksten ikkje ber om.



Ola E. Bø har sidan 1991 vore dramaturg og språkkonsulent ved Det Norske Teatret og har omsett skodespel og musikalar.

Fypike gjorde selbureis i røytemåned

■ AUD ANNA SENJE

Mange jubileer markeres i Norge i år: Ivar Aasen (200 år), Det Norske Teatret (100 år), Edvard Munch (150 år). Men det er trolig bare en håndfull slavister som har fått med seg at 2013 også er femtiårsjubileet for *Norsk-russisk ordbok* av Vladimir Arakin, et verk som er så spekket med rariteter at det burde ha vært utstyrt med bruksanvisning.

De fleste som har studert russisk i Norge, kjenner til 1963-utgaven av Arakins ordbok – en gråblå murstein med guldne sider og en svak ange av kjeks som har ligget for lenge i skuffen. I 40 år var dette den eneste norsk-russiske ordboka i sitt slag, men den er så full av feil og kuriositeter at studenter ved norske universiteter ble advart mot den. I stedet måtte de bruke svenske, danske og engelske ordbøker. Arakins ordbok inneholder tvilsomme oversettelser (*høyhus* er «høylåve») og ord som er ukjente for de fleste, for eksempel *bygdestripper*, *gråtegauk*, *snilefisk*, *karnøffel*, *luskemikkel*, *damebris*, *søplennisse*, *oksepannet*, *manntimmer*, *kritikkakeri*. Med alle sine mangler og merkverdigheter har ordboka nærmest fått kultstatus i slavistmiljøet. Hvem var egentlig Arakin? Hvilke kilder brukte han, og hvorfor har han valgt å

ta med så mange besynderlige ord?

Vladimir Dmitrievitsj Arakin (1904–1983) var professor i filologi ved det statlige pedagogiske universitetet i Moskva. Han har hatt stor betydning for utviklingen av språkvitenskap og metodikk for undervisning i fremmedspråk i Russland. Hovedfeltet hans var engelsk, men han fordypet seg også i afrikanske og asiatiske språk. Han utga blant annet flere ordbøker og et fembinds læreverk i engelsk. Mange treff på nettet tyder på at Arakins bøker fortsatt er i omløp.

Fra pudlejern til hjerneflue

Spesielle termer har sin naturlige plass i en fagordbok. Men der fagordbøker ikke finnes, vil en ansvarlig allmennordbokredaktør se det som sin oppgave å dekke i det minste noen områder, og det gjorde da også Arakin i *Norsk-rus-*

bygdestripper деревенский бродяга *snilefisk*
damebris слабый ветерок *glansbille* блестянка
manntimmer

sisk ordbok. Størst vekt har han lagt på områder som var sentrale for Norge, for eksempel fiske, hvalfangst, sjøfart og skogbruk. Også særegne tekniske termer er tatt inn, som *sporlysprosjektil*, *snøfteventil*, *taljeheis* og *pudlejern*. Ellers later Arakin til å ha vært opptatt av botanikk og zoologi. *Grepplyng*, *sprisebygg* og *stankkarse* har kommet med, og han kan skilte med en imponerende billesamling. Bare i det første bindet av den søkbare utgaven opptrer minst ni stykker, blant dem *bløtbille*, *borebille*, *brødbille* og *glansbille*.

Men det er ikke først og fremst fagtermene som gjør Arakins ordbok så spesiell – det er alle de sære ordene og uttrykkene som er forsynt med ufullstendige, tvilsomme eller stilistisk nøytrale oversettelser, noe som kan forlede russiske brukere til å tro at dette er kurant norsk: *gaustadkandidat* (person som er moden for asylet), *uvørsågod* (uelskverdig), *hjerneflue* (fiks idé), *fy-pike* (lettferdig pike). *Røytemåned* er bare «en svært varm måned» ifølge Arakin, mens den fullstendige forklaringen er hundedagene (23. juli – 23. august, da maten lett råtner på grunn av varmen). Han har tatt med uttrykket «gjøre selbureis» og oversatt det med «føde, sette til verden». Riktignok er det markert som dialektuttrykk, men har en russisk leser forutsetning for å skjønne at uttrykket ikke er gangbart noe annet sted enn i Trøndelag, og knapt nok det? Dessuten kan det i tillegg bety å

reise til et avsides sted (Selbu) for å føde i dølgsmål, utenfor ekteskap. Nokså utbredt er også betydningen «abortere», ifølge *Trønderordboka* (1997).

Laksen og tetuadunken

I ordbokartikler er det vanlig å gi eksempler på faste uttrykk. Arakins eksempler kan ikke alltid tas for god fisk. Under *laks* har han ført opp «du skal ha takk for laksen!», med forklaringen «tusen takk». Uttrykket er hentet fra Kielands *Skipper Worse*, og det står i *Norsk Riksmålsordbok* med forklaringen «nei mange takk, nei vet du hvad!».

Ordet *tetuadunk* opptrer angivelig i uttrykket «Hold tetuadunken din!». «Ti stille!» heter på fransk «Tais-toi!». Man kan bygge ut til «Tais-toi, donc!», altså «Ti stille, da!», så det kan tenkes at *tetuadunk* har fransk opphav. Eventuelt har noen blandet det sammen med *tut*, som i tillegg til «tut på tekjele» kan bety «trut». Uttrykket står i *Norsk Riksmålsordbok* med referanse til en utgave av *Dagbladet* i 1939.

Arakins kilder og hjelpere

Blant studentene ved Universitetet i Oslo verserte ulike teorier om hvor Arakin hadde hentet alle de underlige ordene fra. Kunne professoren ha vært utsatt for norske spøkefugler som hadde innbilt ham at slike ord hørte naturlig hjemme i norsk dagligtale? Sannsynligvis ikke. Arakin var visstnok aldri i Norge, og hans kjennskap til norsk kan

ПРОТИВНЫЙ ТИП *uvørsågod* НЕЛЮБЕЗНЫЙ
stankkarse КЛОПОВНИК МУСОРНЫЙ
mer МУЖИК *kritikakleri* КРИТИКАНСТВО *snøffel* НАХАЛ

ha vært rent teoretisk. Tar man seg bryet med å lese kolofonen og forordet, finner man mye av forklaringen på ordutvalget hans der: «En viss mengde fordelte ord er tatt med fordi de anses som nødvendige for å kunne lese norsk litteratur fra 1800-tallet.»

Selv skriver Arakin i forordet at han har brukt klassikere i norsk litteratur, verker fra norsk samtidslitteratur, aviser og tidsskrifter. Kildene hans er hovedsakelig tospråklige allmennordbøker og fagordbøker. I tillegg har han brukt enspråklige allmennordbøker, blant annet *Norsk Riksmålsordbok*. De aller fleste raritetene er faktisk å finne nettopp der, så Arakin må ha vært i god tro, men han har nok tillagt enkelte ord for stor vekt. Noen av ordene er «fantomord» med få eller bare ett litterært belegg (*hapax legomenon*), som *uværsågod* (Hamsun) og *hjerneflue* (Welhaven). *Gaustadkandidat* finnes i noen få verk (Garborgs *Trætte mænd* og et par til), og det er nok et eksempel på slang som har blitt borte. Om de rare ordene er tatt ut av moderne norske ordbøker, finnes de fortsatt i kryssordbøkene.

Men Arakin var ikke død

Arakins ordbok selges fortsatt i Russland. I 1998 kom en «ny og oppdatert» tobindsutgave, som viste seg å være et opptrykk av originalen fra 1963. Kildespråket er utdatert, mens målspråket later til å være i takt med samtiden. Ordboka er uegnet som praktisk verktøy for nordmenn som vil lære russisk, og for russere som vil lære moderne norsk.

Det er fristende å latterliggjøre Arakin for det sære utvalget av ord, men intensjonen hans var god. For det første tok han ansvar for fagterminologien. Han visste at det ikke fantes fagordbøker mellom norsk og russisk, derfor valgte han å ta med en rekke spesialord som strengt tatt ikke hører hjemme i allmennordbøker, men som han antok at russiske brukere ville ha nytte av. For det andre ønsket han å hjelpe russiske lesere til å forstå norsk litteratur, derfor tok han med både dialektord, slang og utdaterte ord. For det tredje må vi huske at ordbokas målgruppe var russere, som på den tiden hadde liten eller ingen kontakt med nordmenn. Daglig kommunikasjon med utlendinger var lite aktuelt, og det var så godt som umulig å reise. Dette er altså en ordbok for folk som leser, ikke for folk som snakker sammen.

I 2003 ble Arakins utdaterte verk avløst av *Stor norsk-russisk ordbok*, så nå kan russere og nordmenn studere hverandres språk uten å snuble i søplenisser og snilefisker. Likevel: Tilværelsen blir litt fattigere uten Arakin. Har man først vært borti hans ordbok, blir den lett en hjerneflue, og man kan ende som gaustadkandidat. Men brukes den med fornuft, kan den bidra til å bevare sinnets munterhet i 50 år til. Den er en klassiker – til glede for nye lesere.

.....

Aud Anna Senje er seniorrådgiver i Språkrådet og koordinator for språktjenesten for statsorganer.

snutebille ДОЛГОНОСИК *oksepannet* ТВЕРДОЛОБИЙ
hjerneflue НАВЯЗЧИВАЯ ИДЕЯ *luskemikkel* СОГЛЯДАТАЙ

Rekende på ei fjøl

Hvor kommer uttrykket *rekende på ei fjøl* fra? Det er fristende å si at det kom rekende på ei fjøl. For det er ikke langt ifra. Det ser nemlig ut til å ha kommet rekende med ei vise som ifølge seg sjøl kom rekende på ei fjøl.

Uttrykket må ha vært mye brukt i dialektene på 1800-tallet, og tidligere for alt vi veit. Men skriftradisjonen er ganske tynn de første sytti åra etter at folke-minnesamleren Jørgen Moe fikk høre et nystev med denne strofen på sine granskingsferder i Telemark og Setesdal i 1847:

Aa denna Visa kann ingen kjenne,
Aa denna Visa har ingen Ende,
Aa denna Visa har gjort seg sjøl –
Ho kom naa rekandes paa ei Fjøl.

Ranglevise

Moe klassifiserte visa som ei ranglevise, også kalt heimløyse og rennestev. Han skriver: «Det er umuligt at gribe en slig Vise ved Halen; thi den forlænger sig i næste Grænd. [...] En behøver at sætte det første Skjemte- eller Spottevers i Gang, saa 'reker' Visen bestandig frem, baaren og øget av Folkets satiriske Stemning.» Ikke helt ulikt *freestyle rap*, altså.

Moe legger her en litt annen mening i rekinga. Visa påstår at den bare dukka opp, den kom rekende (drivende) uten kjent opphav. Slik bruker vi også uttrykket i dag. Moe gjør skapinga og rekinga til to sider av samme sak.

Mange varianter

Ifølge Moe og andre innsamlere var stevet kjent «alle steder». Det fantes dermed i mange dialektvarianter. «Flytande/fljotande på ei fjøl» er også notert.

I legen Christian Vidsteens *Oplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland* fra 1882 er stevet fra Tysnes, og strofen innledes slik:

Og denna Viso hev gjenje lenje,
Hu hev Begyndels, men ingjen Ende

Arne Garborg hadde stevet med i ei lesebok på slutten av 1800-tallet, og i 1920-åra er det på plass i Nordahl Rolfsens lesebok, som var litt av ei sprettfjøl til berømmelse i si tid. Men først etter krigen ser det ut til at fjøl-uttrykket tar av i skrift, og lenge er nynorskfolk de flittigste brukerne. I 2004 hadde uttrykket rukket å reke helt fram til kronprinsen, som ifølge Aftenposten sa at «kulturell frihet ikke kommer rekende på en fjøl».



Foto: Dimitri Koutsomytis, = Oslo / Det kongelige hoff

Kva er det med samansetjingane?

■ ASTRID MARIE GROV

Oskefast, rosetog og smørblid. Språket vårt er fullt av dei, og dei fascinerer språkforskarar så vel som mannen i gata. Samansette ord er ordlagning på sitt mest kreative og produktive. Er tydinga deira berre kuriosa – eller ein del av grammatikken?

Samansetjingar er den desidert vanlegaste ordtypen i nyordsspalta i dette bladet, og i dei siste nummera har me høyrst om både *glanekø*, *sluse-tv* og *mas-*

for di dei skildrar fenomen som me sjeldan har bruk for å omtale. Eit døme er *oskefast/askefast*, som Språkrådet kåra til årets ord i 2010. Det er ei samanset-

-
- «Norsk er i ei særstilling når det gjeld å danne samansetjingar.»

tefast. Samansetjingar er den vanlegaste måten å lage nye ord på i norsk – rett og slett noko du og eg gjerne tyr til når me skal skildre noko me ikkje kjenner eit ord på frå før. Journalistar er nok mellom dei flittigaste til å finne på samansetjingar, sjå til dømes på desse: «Kundene må tåle rentesjokk» og «KrF sexraser mot Dagbladet». Norsk er, i lag med andre nordgermanske språk, i ei særstilling når det gjeld å danne samansetjingar. I romanske språk som fransk og spansk er det langt lenger mellom samansetjingane, og ein har ofte andre uttrykksmåtar.

Korleis oppfører orda seg?

Mange samansetjingar etablerer seg ikkje som bruksord i språket, rett og slett

jing som oppstod då eit vulkanutbrot på Island stansa det meste av flytrafikken i Nord-Europa i 2010, og som var mykje brukt då. Men ordet kjem neppe til å feste seg i språket, rett og slett fordi det er sjeldan at folk har bruk for å omtale fenomenet.

For språkforskaren er det mest interessante ved samansetjingar ikkje nødvendigvis om dei etablerer seg i språket eller ikkje. Derimot er det interessant å sjå korleis ord oppfører seg når dei blir ein del av ei samansetjing. Artig nok det, tenkjer du kanskje, men kva er det språkvitarar eigentleg vil vite ved å ta for seg samansetjingar? For å svare på det spørsmålet må me sjå på nokre av dei mest grunnleggjande stridslinjene innanfor den moderne lingvistikken.

Samansetjingar kan såleis utfordre førestillingar om kva som skal reknast som ein del av grammatikken i eit språk.

Korleis ser språket ut?

Det store spørsmålet som har oppteke språkvitarane det siste hundreåret, er noko så fundamentalt som kvifor språket ser ut som det gjer. Kvar i all verda kjem den unike menneskelege språkevna frå, som skil oss så grunnleggjande frå alle andre pattedyr?

Den rådande teorien dei siste tiåra, *generativ lingvistik*, har vore at me er fødte med eit særleg anlegg for språk, som ligg ferdig koda i hjernen vår. Såleis er dei grammatiske strukturane nærast for eit slags matematisk system å rekne, og på botnen blir språksystema sett på som ganske like (dette blir gjerne kalla *universalgrammatikken*). Som ein konsekvens av det har grammatikken, definert strengt språketeoretisk, tradisjonelt sett teke for seg dei reint *syntaktiske* kategoriane, som subjekt, objekt og predikativ. Ordklassar har i tillegg blitt sett på som ganske

faste. Denne teorien legg òg grunnlaget for all grammatikkundervisning i dag, frå barneskulen til universitetsnivå. Kva ord og setningar *tyder*, har ikkje blitt sett på som ein del av det grammatiske systemet. Å utelate tydinga frå grammatikken har møtt ein del motbør, mellom anna frå tilhengjarar av *kognitiv lingvistik*.

Den kognitive lingvistikken går ut ifrå at språkevna er ein del av dei allmenne kognitive evnene. Ein reknar altså ikkje med at det finst nokon universalgrammatikk eller noko ferdig språkmønster i hjernen. Korleis språket ser ut og artar seg, er påverka av erfaringane våre. Kva orda tyder, og korleis dei blir brukte, har mykje å seie både for korleis språka ser ut som dei gjer, og for korleis dei utviklar seg. Tyding blir såleis sett på som ein viktig del av grammatikken i alle språk. Det er altså form og tyding som saman gjer den grammatiske eininga – ikkje berre forma.

Ein slik teori kan brukast til å forklare fleire språklege fenomen, òg i

- «Ein bilseljar sel bilar, medan ein telefonseljar i regelen ikkje sel telefonar.»



Bege foto: /Stockphoto

tilfelle der tyding ikkje står særleg sentralt. Til dømes kan sjølve språkbruket forklare kvifor nye norske verb i regelen blir svake. I språket vårt er det flest svake verb, og dermed generaliserer språkbrukarane nye samansetjingar inn i den gruppa. Med andre ord: Store grupper har lett for å knyte til seg «nye medlemmer», medan små grupper ikkje har det.

Lik struktur, ulikt innhald

No skal me tilbake til samansetjingane. Tenk til dømes på *telefonsejlar* og *bilseljar*. I norsk er det i dei aller fleste tilfelle det siste leddet som er *hovudordet i samansetjinga*, som altså fortel oss kva det er snakk om, medan det fyrste leddet spesifiserer. I begge samansetjingane er det dermed snakk om ein type *seljar*. Sidan me talar norsk, veit me at ein *bilseljar* sel bilar, medan ein *telefonsejlar* i regelen ikkje sel telefonar. Det verkar innlysande for oss, men det er ikkje noko strukturelt ved orda som tilseier at det er ein slik skilnad. Det me som språkbrukarar ikkje tenkjer over til vanleg, er at samansetjingar òg kan delast inn i grupper etter tyding. Eit godt døme på det er *oskefast/askefast*, som er danna over akkurat den same leisten som til dømes *vêrfast*, fast på grunn av vêret. Men somme av desse gruppene er meir vanlege enn andre. Såleis kan ein òg finne svært mange samansetjingar som er bygde over same leist som *bilseljar*, altså *x som verbar y*, tenk til dømes på *vêrmeldar*, *sofaslitar* eller *mannehatar*. Når det gjeld *telefonsejlar*, som har strukturen *x som verbar ved hjelp av y*, finst det ikkje mange liknande samansetjingar. Når me lagar nye samansetjingar i dag, er det då òg mest sannsynleg at dei er av den fyrste typen.

Dersom alle samansetjingar hadde vore av den enkle typen som *bilseljar*, hadde dei ikkje vore særleg interessante studieobjekt. Men skilnaden mellom *bilseljar* og *telefonsejlar* illustrerer at det i samansette ord er heilskapen som tyder noko, og som heilskap er ikkje reknestykket så enkelt som at «ein pluss ein er to». Samansetjingar kan med andre ord vere eit uryddig landskap.

Eit illustrerande døme på at samansette ord lever sitt eige liv, er tilfelle der éi og same samansetjing kan høyre til i to ulike tydingsgrupper, som *tobeint*. I norsk er den vanlege og tradisjonelle tydinga å ha to bein. Det er jo enkelt og greitt, på linje med *langbeint*, *kortarma* osv. Men *tobeint* kan vere meir enn berre det. Samansetjinga blir òg brukt i fotball, om nokon som er like god til å spele med begge beina, sjå til dømes på dette sitatet frå nettforumet til Rosenborg: «I tillegg er han *tobeint*, en *tobeint* spiss er det lenge siden vi har hatt i klubben.» *Tobeint* brukt i den siste tydinga er danna etter mønster av *venstrehendt* og *høgrehendt*, fordi det er det same tydingsforholdet mellom det fyrste og det andre leddet. Korleis skal me tolke dette? I begge tydingane er jo *to* framleis *to*, så det hjelper ikkje å gje talordet *to* ein ny definisjon i ordboka. Det er fyrst når dei to orda kjem saman i ei samansetjing, at ein får ei anna tyding enn ein kanskje skulle vente. *Tobeint*, med sine to tydingar, er med andre ord eit godt døme på eit språkleg fenomen som grammatikken, slik han i regelen blir definert i dag, ikkje tek høgde for.

.....

Astrid Marie Grov er rådgjevar i Språkrådet.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i fremtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk. Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk.
- Vi har en språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt og få en jevnere fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi har en terminologitjeneste som samordner utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi og fremmer bruken av norsk fagspråk.
- Vi har en tilsynstjeneste som følger med på om statsorganene følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi informerer om norsk tegnspråk og samarbeider med aktører på feltet.
- Vi har et utvidet ansvar for nasjonale minoritetsspråk og nyere minoritetsspråk, og vi samarbeider med språkbrukergruppene.
- Vi har en stadsnavntjeneste som gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt.
- Vi arbeider for at IKT-produkter skal bygge på norsk tekst og tale, og samordner en datatermgruppe som foreslår nye, norske dataord.
- Vi deler ut Språkprisen for fremragende bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn.
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg.

Direktøren i Språkrådet er leder for 33 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØRER:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillat når kilden
er oppgitt.

OPPLAG: 12 000
Tekstene i dette nummeret
fins også på Internett:
www.spraakradet.no



Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
01.02.2013

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Forsideillustrasjon:
DrAfter123 / iStockphoto

Baksideillustrasjon:
Kart publisert av Det russiske
vitenskapsakademi i 1745.
Kilde: Wikimedia



HISTORIA BAK

VED OG LANGS HAVET

Pomorhandel var namnet på kysthandelen mellom russarar frå Kvitsjøen (Beløje more) og nordmenn i Finnmark og Troms frå 1700-talet og fram til den russiske revolusjonen i 1917.

I det gamle pomorområdet ligg byen Murmansk. Bynamnet er ei noko forvanska russisk avleiing av ordet *nordmann*. Me var der alt på 1200-talet.

Det russiske ordet *pomore* tyder 'område langs havet', av *po* 'langs, ved' og *more* 'hav'. Eit tilsvarande polsk ord er *Pomorze*, som er namnet på eit stort kystområde langs Auster-sjøen. På norsk nyttar me den fortyska nemninga *Pommeren*.

Også Normandie, som den franske kongen måtte gje frå seg til vikingar i 911, har opphav i *nordmann*, som kan henda tydde 'mann frå nord', og ikkje berre 'mann frå Noreg'.

Eit område på fastlandssida av Den engelske kanalen heitte *Aremorica* på latin, og seinare *Armorique* på fransk. Opphavleg er dette eit keltisk ord, der *ari* tyder 'ved, langs' og *mori* tyder 'hav'. Dei keltarane som kom dit på 400-talet, kalla seg *bretonar*, og det området som dei slo seg ned i, fekk namnet *Bretagne* etter dei. Legg merke til likskapen mellom *Stor-Britannia* i England og *Bretagne*, som vel må vera eit slag *Vesle-Britannia*.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825